

Ved innlogging på nettsida blir det lagra informasjon om kven som loggar inn og kvar ein loggar inn frå. Hallingdølen nyttar informasjonen for å avdekka misbruk av abonnement. Brukarnamn og passord til Hallingdølen digitale produkt må ikkje delast med andre enn dei som er **fastbuande** på abonnentens bustadadresse. Eg forstår Abonnementvilkår

Ved innlogging på nettsida blir det lagra informasjon om kven som loggar inn og kvar ein loggar inn frå. Hallingdølen nyttar informasjonen for å avdekka misbruk av abonnement. Brukarnamn og passord til Hallingdølen digitale produkt må ikkje delast med andre enn dei som er **fastbuande** på abonnentens bustadadresse. Eg forstår Abonnementvilkår

## Hallingdølen nyttar

TYSDAG 14. OKTOBER 2014



Viser veg: Osmund Ueland og Gro Skulasson er stolte av infotavlene som er sett opp i området.

KJØP BILDE FULL STØRRELSE

## Fjellidyll er vorte meir tilgjengeleg

■ Etter eit par tusen dugnadstimar har Nes østmark fått eit lyft.

Ame O. Lindahl

Publisert: 14.10.14 04:30 Oppdatert: 13.10.14 15:43

1

– Eg føler at me har gjort ein jobb både for hyttefolket og Nes kommune, seier Osmund Ueland.

Den tidlegare NSB-direktøren med hytte i området har vore lokomotivet i dette arbeidet. Som leiar i Buvassstølan sti- og løypelag har han gått i bresjen for dette store skiltprosjektet som ordførar Tor Magnussen offisielt opna sist helg.

– Eg trur hyttene blir meir brukt no. Og eg er sikker på at også bygdefolk vil bruke området. Me har gjort naturen meir tilgjengeleg, seier Ueland.





## Stort prosjekt

Det som begynte med ein ide om betre skilting av løyper i Buvatnområdet har enda opp med eit lyft for heile Nes østmark.

Med støtte frå kommunen, fylkeskommunen og Gjensidigestiftinga, til saman 119.000 kroner, lokalt næringsliv og altså 2000 dugnadstimar kan turgåarar bli guida rundt i dette fine fjellområdet både på ski og til fots. Det er sett opp tolv infotavler og 110 skilt. 35 km med stigar og 20 km med skiløyper er merkte og utbetra, og det er merkt stigar til fiskevatn. Skiløypa frå Gol til Flå går gjennom området. Den kallar dei no Eventyrløypa og er 23 km lang. Delar av denne er utvida til fire meters breidde slik at ei moderne tråkkemaskin kan brukast til prepareringa.

– Tråkkemaskina kjem, forsikrar Ueland. Det er alt samla inn 400.000 kroner.

## Stig til Vassfaret

Det er også merkt og utbetra ein stig til Fønhuskoia i Vassfaret, og det er bygd rasteplass og parkeringsplass med sitjegrupper.

– Området var attgrodd, og det var berre nokre gamle pinnar som løpemerke, seier Ueland.

Han viser stolt rundt saman med Gro Skulasson frå Nesbyen, hytteeigar og den største dugnadsentusiasten av alle. Ho vart kåra til årets dugnadsperson under opninga.

– Me har teke dei to første trinna med å ruste opp Nes østmark, seier Ueland.

## Høge mål

Det er også inngått eit samarbeid med tre andre hyttevelforeiningar i området. Alle har eit felles mål.

– Dugnadsinnsatsen har vore heilt utruleg. Folk har stilt opp, seier han.

– Er jobben ferdig?

– Nei, nei. Me er ikkje ferdige. Me sette oss høge mål, og me skal vise at me meinte alvor med det me har sagt og skreve. Dessutan skal sti – og løypenettet haldast ved like. Me skal også lage eit kart der stigane og løypene er teikna inn, seier Osmund Ueland.

Informativt: Tolv infotavler og 110 skilt er sett.



Mykje jobb: Traseen til Eventyrløype er utvida og merka. Osmund Ueland og Gro Skulasson lover førsteklases løyper til vinteren.



Vassfaret neste: Mange skilt viser seg for turgåarane.



Turområde: Gro Skulasson og Osmund Ueland er både stolte og fornøgde med opprustinga av sti og løypenettet i Nes østmark.

